

HALVÅRSRAPPORT

2019

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS



Halvårsrapport 2019

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) oppnådde eit resultat etter skatt i første halvår i 2019 på 275 mill. kr. Resultatet er 203 mill. kr betre enn for 1. halvår i fjar. Endring i verdiar på kraftkontrakter i prissikringsportefølja på 177 mill. kr samanlikna med 1. halvår 2018 er hovudgrunnen til det gode resultatet.

Kraftprisen i NO3 i 1. halvår var 39,7 øre/kWh, ein auke frå 37,6 øre/kWh 1. halvår i fjar.

Konsernet

Konsernet SFE består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde datterselskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, SFE Nett AS, Vestavind Energi AS, Lutelandet Energipark AS og Bremangerlandet Vindpark AS. SFE Kraft AS som er eigd 66% av morselskapet og datterselskapa Svelgen Kraft Holding AS og Svelgen Kraft AS, som er eigd 56% av SFE Produksjon AS inngår også som ein del av SFE-konsernet. Fossheim Energiverk AS, Innvik Kraftverk AS, Etrygg AS, Gloppen Energi AS, Falck Renewables Vind AS og Enivest AS er tilknytta selskap til konsernet.

Eigarsamansettinga i Sogn og Fjordane Energi AS er slik:

Sogn og Fjordane Holding AS: 49,6 %

BKK AS: 36,8 %

7 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord: 13,6 %

Rekneskapen for SFE er avgjort etter IFRS-reglane.

1. halvår 2019

Rekneskapen for 1. halvår 2019 viser eit overskot for SFE-konsernet på 275 (72) mill. kr etter skatt (tal for 1. halvår 2018 i parentes). Samanlikningstala for 1. halvår 2018 er omarbeidde i forhold til avgjorte halvårstal 30. august 2018 grunna implementering av IFRS 15.

Gjennomsnittleg kraftpris 1. halvår i NO3, var 39,7 øre/kWh. Til samanlikning var gjennomsnittleg pris 1. halvår i fjar 37,6 øre/kWh. Kraftproduksjonen 1. halvår var 868 GWh (937 GWh). Nettoinntekta frå sal av kraft er auka med 203 mill. kr samanlikna med fjaråret. Urealiserte verdiendringar på kraftkontraktar aukar imidlertid inntektene med 177 mill. kr samanlikna med 2018. I fjar vart det kostnadsført urealiserte verdiendringar på kraftkontrakter på 77 mill. kr medan det i 1. halvår i 2019 er inntektsført 100 mill. kr i

urealiserte verdiendringar. SFE prissikrar delar av framtidig kraftproduksjon i den finansielle marknaden. Grunnen til inntektsføring av endring av urealiserte verdiar i 1. halvår er at negative kontraktsverdiar pr 31.12.18 er gått til levering og at netto kontraktsverdiar pr 30.06.19 viser positiv verdi med 45 mill.kr. Driftsresultatet frå segmentet Energi er 344 mill. kr. Dette er ein auke på 202 mill kr frå i fjor. Hovudgrunnen til dette er positiv urealisert verdiutvikling på finansielle kraftkontrakter med 177 mill. kr.

Transportert mengde i nettet var 396 GWh. Dette er tilnærma uendra frå 395 GWh i fjor. SFE Kraft har levert 413 GWh til kundar i sluttbrukarmarknaden. Dette er ein reduksjon på 83 GWh samanlikna med i fjor. Årsaka til reduksjonen er bortfall av nokre store næringskundar. Konkuransen i sluttbrukarmarknaden er svært stor og marginane er pressa.

Nettverksemda har eit driftsresultat 1. halvår på 75 mill. kr. Dette er ein auke på 19 mill. kr frå 2018 då vi hadde eit driftsresultat på 56 mill. kr på området. Rekneskapsreglane etter IFRS seier at det er fakturert nettleige som skal inntektsførast og ikkje den årlege inntekta NVE fastset at nettelskap kan krevje inn frå sine kundar. Driftsresultatet målt etter NGAAP-reglane er 38 mill. kr.

Dei seinare åra har SFE vore involvert i strukturprosessar både knytt direkte til verksemda, men også til eigarskapen av SFE. I løpet av 1. halvår har det kome fleire viktige avklaringar. SFE og Sunnfjord Energi var i lengre tid i drøftingar om mogleg fusjon av selskapa. BKK er stor eigar i begge selskapa og vinteren 2019 vart det avklart at BKK ikkje ønskte å støtte denne fusjonen. Prosessen vart difor avslutta og i ettertid er det er fatta avgjerd om fusjon av Sunnfjord Energi og BKK. I samband med at fylka Hordaland og Sogn og Fjordane skal slåast saman til nytt Vestland fylke, har Sogn og Fjordane fylkeskommune utvikla ein modell for overføring av delar av eigarskapen i SFE til primærkommunane i Sogn og Fjordane. Eigarskapen er forvalta gjennom det heileigde selskapet Sogn og Fjordane Holding AS. Arbeidet med overføring av eigarskap har ført til ein rettstvist med den andre store eigaren i SFE, BKK. Usemja har vore knytt til om overføring av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til primærkommunane utløyser forkjøpsrett. Det føreligg no rettskraftig dom frå Gulating Lagmannsrett som gjer det mogleg for Sogn og Fjordane fylkeskommune å overføre 80% av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS til primærkommunane i fylket utan at BKK kan bruke forkjøpsrett. Aksjane i Sogn og Fjordane Holding er då delt på to aksjeklassar der det er B-aksjane som blir overført til kommunane. Desse utgjer 80% av kapitalen, men berre 49% av stemmene. Vestland fylkeskommune vil eige A-aksjane som utgjer 20% av kapitalen og 51% av stemmene. Overføring av aksjane i Sogn og Fjordane Holding har enda ikkje skjedd, men ein legg til grunn at dette vil bli gjort i løpet av andre halvår i år. Dette at

eigarskapen i SFE no synest å vere avklara, gjer at selskapet no framover kan fokusere meir på den vidare utvikling av konsernet.

Generalforsamlinga i SFE gjorde 26. juni 2017 vedtak om utsteding av teikningsrettar til eksisterande aksjonærar. Teikningsrettane kan nyttast fram til 2020, men berre i ein kort periode kvart år i etterkant av ordinær generalforsamling. 61,5% av teikningsrettane er nyttta slik at det no er 38,5% av teikningsrettane som er unytta. Dersom desse vert fullt ut nyttta kan dette tilføre SFE inntil 150 mill. kr i ny eigenkapital. Formålet med emisjonen er å styrke selskapet i ein perioden med store investeringar. Både Østerbø kraftverk i Høyanger kommune og Jølstra kraftverk i Jølster kommune er under bygging. Østerbø kraftverk vil starte produksjonen hausten 2020 og ha ein total produksjonskapasitet på 165 GWh. SFE eig 58% av prosjektet og BKK dei resterande 42%. Jølstra kraftverk vil få ein netto produksjonskapasitet på 207 GWh. Forventa produksjonsstart er hausten 2021. SFE eig 50% av Jølstra Kraft DA som er eigar av kraftverket. Sunnfjord Energi AS eig dei resterande 50%.

HMS

SFE har eit sjukefråvær på 3,0 % pr. 01.07.2019. Dette er lågare enn 1. halvår i fjar med 3,5%. Tilbakemeldingar frå tilsette og frå bedriftshelsetenesta si kontakt med tilsette stadfestar at vi har høg grad av trivsel, at arbeidsmiljøet blir oppfatta som godt, og at arbeidsoppgåvene er både utviklande og engasjerande.

SFE har høg aktivitet innan nybygging og rehabilitering, noko som kan medføre stor arbeidsbelastning og auka risiko for skadar. SFE har gjennom HMS-prosjektet «Like Heil» fokus på heile mennesket med mål om at alle tilsette skal kome heim like heil - både utanpå og inni. Dette prosjektet er retta mot haldningar og åtferd i heile organisasjonen for å oppnå langsiktige resultat.

SFE har eit målretta HMS-arbeid og ein overordna visjon om null skadar. SFE føl målsettinga til bransjen, med 15% årleg reduksjon i skadetal. Haust 2018 nådde vi målsettinga, men deretter har diverre skadetalet vore aukande. HMS er eit langsiktig arbeid som kontinuerleg skjer i linja og gjennom HMS-prosjektet Like Heil. For H2 (antal skadar med og utan fråvær siste 12 mnd pr 1 mill arbeidde timer) er måltalet 5,8, medan faktisk skadetal siste 12 månadar er 27. I første halvår 2019 har vi fire skadar utan fråvær, og to skadar med fråvær, tilsvarande ein H2 verdi på 15.

Resultatrekneskap og kontantstraum

SFE hadde i 1. halvår driftsinntekter på 928 (726) mill. kr. Driftsresultatet vart 412 (192) mill. kr. Resultatet før skatt er 404 (170) mill. kr etter at netto finanskostnader på 8 (22)

mill. kr er belasta resultatet. Resultatet etter skatt er på 276 (72) mill. kr. Det er i 1. halvår belasta 75 (37) mill. kr i overskotsskatt og 53 (60) mill. kr i grunnrenteskatt.

Driftsaktivitetar viser ein positiv kontantstraum på 94 (63) mill. kr. Det er investert 315 (160) mill. kr i fysiske driftsmiddel i 1. halvår. 173 mill. kr av dette er investeringar i kraftproduksjon der bygging av Østerbø og Jølstra kraftverk står for mesteparten av investeringa. Investering nettanlegg 1. halvår er på 118 mill. kr. SFE investerer årleg ca. 150-200 mill. kr i forsterking og utviding av linenettet for å sikre leveringstryggleik og ny produksjon nettligong.

Balanse

SFE sin totalbalanse 30.06.19 er på 8.000 mill. kr. Konsernet har omlaupsmidlar på 981 mill. kr og 7.019 mill. kr i anleggsmidlar.

Renteberande gjeld er 2.772 mill. kr, ein auke på 432 mill. kr frå 2.340 mill. kr for eit år sidan. Samstundes er likvidar i form av bankinnskot auka med 239 mill. kr.

Eigenkapitalen pr 30.06.19 er 3.060 mill. kr, det tilsvarer ein bokført eigenkapitalandel på 38%.

Framtidsutsikter

SFE reknar med å produsere noko mindre enn middelproduksjonen på 1.941 GWh på årsbasis. Utvikling i kraftpris vil ha mykje å bety for resultatet i 2. halvår. Den finansielle marknaden tilseier ein pris for 2. halvår som er om lag på nivå med 1. halvår. Vi ventar eit resultat for 2019 som er noko betre enn resultatet for 2018.

Styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Sandane, 29. august 2019



RESULTATREKNESKAP

(Beløp i 1000 kr)	1.halvår 2019	1.halvår 2018	Årsrekneskap 2018
Sal av kraft	674 929	494 492	1 263 800
Sal av overføringstenester	208 024	207 078	371 543
Andre driftsinntekter	45 515	24 481	45 309
SUM DRIFTSINNTEKTER	928 468	726 050	1 680 652
Kjøp av kraft	211 692	234 307	503 821
Kjøp av overføringstenester	32 711	30 595	67 461
Løn og sosiale kostnader	116 205	113 043	236 685
Aktivering av eigne tilvirka driftsmiddel	-36 528	-34 561	-65 720
Avskrivningar	73 438	82 151	162 214
Nedskrivningar	1 930	0	-21 765
Eigedomsskatt/avgifter	26 479	29 461	60 612
Andre driftskostnader	90 873	78 926	166 282
SUM DRIFTSKOSTNADER	516 799	533 921	1 109 589
DRIFTSRESULTAT	411 669	192 130	571 062
Resultat frå investering i tilknytta selskap	6 422	4 057	7 558
Finansinntekter	27 448	7 960	31 324
Finanskostnader	41 678	33 781	96 450
NETTO FINANSKOSTNADER	7 808	21 764	57 568
RESULTAT FØR SKATT	403 862	170 366	513 494
Overskotsskatt	74 897	37 329	118 010
Grunnrenteskatt	53 291	60 449	109 677
RESULTAT ETTER SKATT	275 674	72 587	285 807
Av dette minoritetsandel	43 692	6 126	32 654
Av dette SFE sin andel	231 982	66 461	253 153

UTVIDA RESULTAT

Ordinært resultat etter skatt	275 674	72 587	285 807
Postar som seinare kan klassifiserast til resultat:			
Kontantstrømsikring rentebytteavtaler etter skatt	1 163	1 569	2 770
Kontantstrømsikring valutaterminkontrakter etter skatt	17 398	22 194	-5 240
Postar som seinare ikkje kan reklassifiserast over resultat:			
Estimatavvik pensjoner etter skatt	0	0	10 166
Sum innrekna inntekter og kostnader for perioden	294 235	96 350	293 502
Av dette minoritetsandel	44 699	7 168	32 702
Av dette SFE sin andel	249 535	89 182	260 800



BALANSE

(Beløp i 1000 kr)

EIGEDELAR	30.06.19	30.06.18	31.12.18
Fallrett	1 951 215	1 836 939	1 951 215
Øvrige immaterielle egedelar	722 070	714 608	727 438
Varige driftsmiddel	3 917 791	3 287 184	3 605 772
Anleggsmiddel holdt for sal	14 596	14 596	14 596
Investering i tilknytta selskap	208 410	149 552	177 283
Øvrige finansielle anleggsmiddel	190 848	150 961	158 625
Derivat	14 584	22 725	10 196
Anleggsmiddel	7 019 514	6 176 565	6 645 126
Varelager	43 236	40 730	41 384
Fordringar	257 473	291 917	340 348
Derivat	22 203	17 450	22 303
Kontanter og bankinnskot	657 740	418 433	477 437
Omløpsmiddel	980 653	768 530	881 471
SUM EIGEDELAR	8 000 167	6 945 095	7 526 597
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital	1 014 691	1 051 331	1 014 691
Opptent eigenkapital	1 305 992	970 029	1 156 293
Minoritetsinteresser	739 346	730 506	747 758
Eigenkapital	3 060 030	2 751 866	2 918 742
Pensjonsforplikting	103 956	113 674	103 956
Utsett skatt	877 343	914 248	861 921
Andre forpliktingar	644 392	334 639	522 000
Rentebærande langsiktig gjeld	2 590 204	2 319 030	2 054 063
Derivat	23 334	32 926	44 814
Langsiktig gjeld	4 239 229	3 714 517	3 586 754
Rentebærande kortsiktig gjeld	182 238	20 571	264 300
Rentebærande kortsiktig ansvarleg lån	1 165	0	75 835
Avsett utbytte	100 010	62 681	0
Betalbar skatt	130 494	103 423	272 695
Anna rentefri gjeld	286 415	217 956	346 017
Derivat	586	74 079	62 252
Kortsiktig gjeld	700 908	478 711	1 021 100
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	8 000 167	6 945 095	7 526 597



ENDRINGAR I EIGENKAPITAL

(Beløp i 1000 kr)	Innskoten eigenkapital	Anna eigenkapital	Kontant- straum- sikring	Sum opptent eigenkapital	Minoritets- interesser	Sum eigen- kapital
EIGENKAPITAL 01.01.2018	1 009 767	1 035 153	-21 490	1 013 663	723 338	2 746 768
Resultat 30.06.		66 461		66 461	6 126	72 587
Avsett utbytte for 2017		-62 681		-62 681		-62 681
Emisjon	41 564			0		41 564
Implementering IFRS 15		-70 134		-70 134		-70 134
Kontantstraumsikring rentebytteavtaler			1 569	1 569		1 569
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			21 152	21 152	1 042	22 194
EIGENKAPITAL 30.06.2018	1 051 331	968 799	1 231	970 029	730 506	2 751 866
Årets resultat		253 153		253 153	32 654	285 807
Utbetalt utbytte for 2017		-62 681		-62 681	-35 200	-97 881
Emisjon	4 924	14 646		14 646	26 918	46 488
Estimatavvik pensjoner		10 166		10 166		10 166
Kontantstraumsikring rentebytteavtaler			2 770	2 770		2 770
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			-5 288	-5 288	48	-5 240
EIGENKAPITAL 31.12.2018	1 014 691	1 180 303	-24 008	1 156 293	747 758	2 918 742
Resultat 30.06.		231 982		231 982	43 692	275 674
Utbetalt utbytte for 2018				0	-53 111	-53 111
Avsett utbytte for 2018		-100 010		-100 010		-100 010
Implementering IFRS 16		174		174		174
Kontantstraumsikring rentebytteavtaler			1 163	1 163		1 163
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			16 390	16 390	1 008	17 398
EIGENKAPITAL 30.06.2019	1 014 691	1 312 449	-6 455	1 305 992	739 346	3 060 030



KONTANTSTRAUMANALYSE

(Beløp i 1000 kr) 30.06.19 30.06.18 31.12.18

Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar:

Ordinært resultat før skattekostnad	403 861	170 365	513 494
Betalte skattar i perioden	-271 306	-155 708	-143 902
Avskrivningar	73 438	82 151	162 214
Nedskrivningar	1 930	0	-21 765
Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel og aksjar	-17 346	-5 126	0
Kostnad(+)/Inntekt (-) frå invest i tilknytta selskap utan kontanteffekt	-6 422	0	-7 558
Urealisert verdiendring aksjepostar utan kontanteffekt	-4 833	0	-2 059
Urealisert verdiendring derivat og elsertifikat	-88 452	67 270	27 546
Endring varelager	21 712	-5 314	-5 657
Endring i kundefordringar	-18 489	-44 364	-68 912
Endring i leverandørgjeld	35 545	-16 807	7 383
Endring i pensjonsforpliktingar	0	0	1 609
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-35 205	-29 109	7 523
NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR	94 433	63 358	469 915

Kontantstraum frå investeringsaktivitetar:

Utbetalingar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-314 792	-160 263	-469 494
Innbetalingar ved sal av varige driftsmidler	0	0	0
Innbetalinger ved sal av aksjar	17 346	0	0
Kontantar innkonsolidering døtre	0	0	0
Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	-20 594	-25 767	-46 143
Utbetaling ved utlån	0	0	0
Innbetaling frå utlån	0	826	0
NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR	-318 040	-185 204	-515 637

Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar:

Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld	550 000	500 000	500 000
Innbetaling eigenkapital	0	21 000	25 924
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-95 000	-200 000	-200 000
Innbetaling ved opptak av ny kortsiktig gjeld	0	0	75 835
Utbetaling ved reduksjon av kortsiktig gjeld	0	-100 000	-100 000
Innbetaling av utbytte	2 020	1 115	1 115
Utbetaling av utbytte	-53 111	0	-97 881
NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR	403 909	222 115	204 993

Netto endring i kontantar og ekvivalentar	180 302	100 269	159 271
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	477 437	318 165	318 165
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 30.06/31.12	657 740	418 434	477 437

Notar til halvårsrekneskapen 30.06.2019

Rammeverk og vesentlege rekneskapsprinsipp

Konsernrekneskapet for Sogn og Fjordane Energi AS for 1.halvår 2019 er avslutta pr. 30.06.2019 og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) slik dei er godkjende av EU. Konsernrekneskapet omfattar Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) med datterselskap og tilknytta selskap.

Halvårsrekneskapet er utarbeidd i samsvar med IAS 34 om delårsrapportering og vart vedtatt i selskapet sitt styre 29.august 2019. Revisor har gjennomført forenkla revisorkontroll av halvårsrekneskapet.

Selskapet er notert på Oslo Børs med obligasjonslån.

Delårsrekneskapet gir ikkje informasjon i same omfang som årsrekneskapet og må derfor sjåast i samanheng med konsernet sitt årsrekneskap for 2018.

Frå 01.01.2019 har vi implementert IFRS 16 Leigeavtaler. Verknadane av standarden er nærmere omtalt i note 8.

Note 1 Samanlikningstal 30.06.2018

Før implementering av IFRS 15 la SFE til grunn IFRIC 18 ved rekneskapsføring av anleggstilskot. I samsvar med IFRIC 18 vart anleggstilskot rekneskapsført fullt ut ved fakturering av kunde. Ved implementering av IFRS 15 Inntekter frå kundekontrakter var det stor usikkerhet knytt til rekneskapsmessig handsaming av anleggstilskot. Vi valte derfor å vidareføre handsaming av anleggstilskot etter IFRIC 18 ved utarbeidning av rekneskapstal pr. 30.06.2018.

Vår noverande vurdering er at anleggstilskot skal etter IFRS 15 inntektsførast over anlegget si levetid. I siste halvår 2018 endra vi inntektsføring av anleggstilskot i samsvar med dette. Som følgje av sein implementering av IFRS 15 er samanlikningstal 30.06.2018 omarbeidd, sjå endringar i tabell under.

RESULTATREKNESKAP	Beløp i MNOK	KONSERNBALANSE	Beløp i MNOK
Andre driftsinntekter	-24 469	Varige driftsmiddel	-1 447
Avskrivningar	1 447	Sum egedelar	-1 447
Overskotskatt	-5 961	Opptent eigenkapital	-90 090
Resultat etter skatt	-19 955	Utsett skatt	-26 910
		Andre forpliktingar	115 553
		Sum gjeld og eigenkapital	-1 447

Note 2 Segmentinformasjon

Segmentrekneskapet vert avglagt etter IFRS 8. Konsernet rapporterer driftssegmenter i samsvar med korleis konsernleiinga tek avgjerder, føl opp og evaluerer desse avgjerdene. Driftsresultatet i dei operative segmenta vert jamleg rapportert til konsernleiinga.

Konsernet si verksemd er organisert i ulike segment som eigne økonomiske einingar. Internt i konsernet rapporterer ein både på segment, underkonsern og på selskap.

Segmentet Energi omfattar selskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, SFE Kraft, Vestavind Energi AS, Bremangerlandet Vindpark AS og Lutelandet Energipark AS. Svelgen Kraft Holding AS er eigd med 56 % av SFE Produksjon og ingår som ein del av SFE-konsernet. Svelgen Kraft Holding AS eig 100 % av aksjane i Svelgen Kraft AS.

Segmentet Energi omfattar forvaltning av konsernet sin samla produksjons-portefølge frå heileigde, deleigde og leigde kraftverk med fysisk krafthandel på Nordpool Spot og finansiell krafthandel på Nasdaq OMX Commodities. Segmentet omfattar også sal av kraft til sluttbrukar og forvaltning av større sluttbrukarar sitt kraftbehov samt mindre mengder kjøp og sal av kraft engros gjennom bilaterale avtaler. I tillegg har vi noko tradingverksemd innanfor definerte rammer, samt sal av opprinnelsesgarantiar.

Nettverksemda si hovudverksemd er overføring og distribusjon av elkraft. Selskapet driv elles utleige av fiber og noko entreprenørarbeid.

Tenesteyting er selskapet Sogn og Fjordane Energi AS saman med dei tre heileigde datterselskapa Trolleskjæret Næringsbygg AS, Energilab Sogn og Fjordane AS og Flikk AS. Sogn og Fjordane Energi er mor-selskapet i konsernet og yter hovudsakleg tenester internt i konsernet.

Kolonna for eliminering viser eliminering av interne transaksjonar mellom segmenta ved konsolidering i konsern.

Segmentresultat 30.06.2019

(Beløp i 1000 kr)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Sum konsern
Driftsinntekter	891 118	241 995	34 021	-238 666	928 468
Driftsresultat	344 236	74 880	-7 446		411 669
Resultat etter skatt	224 976	52 667	-1 970		275 674

SFE har endra avskrivingstider nettanlegg frå 01.01.2019.

Det gjer at årlege avskrivingar vert reduserte med 26,0 MNOK for segmentet nettverksemd.

Segmentresultat 30.06.2018

(Beløp i 1000 kr)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Sum konsern
Driftsinntekter	520 727	230 245	33 831	-58 751	726 052
Driftsresultat	141 755	56 178	-5 558		192 130
Resultat etter skatt	40 822	34 250	-2 485		72 587

Segmentresultat 2018

(Beløp i 1000 kr)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Sum konsern
Driftsinntekter	1 673 690	426 821	70 609	-490 469	1 680 652
Driftsresultat	518 007	63 686	-10 631		571 062
Resultat etter skatt	247 586	43 773	-5 551		285 807

Note 3 Spesifikasjon av urealiserte verdiendringar

(Beløp i 1000 kr)	30.06.2019	30.06.2018	2018
Sal av kraft , herav urealiserte verdiendringar kraftkontrakter	99 553	-77 081	-57 265
Finansinntekter , herav inntekt på investering i tilknytt selskap	860	1 366	-518
Finanskostnader , herav urealiserte verdiendringar på rentekontrakter	-1 490	-3 069	-4 410

Vurdering av verkeleg verdi:

Nivå 1: Notert pris i ein aktiv marknad for ein identisk egedel eller forplikting.

Nivå 2: Verdsetting etter andre observerbare faktorar enten direkte (pris) eller indirekte (utleda av prisar) enn notert pris for egedelen eller forpliktinga.

Nivå 3: Verdsetting etter faktorar som ikkje er henta frå observerbare marknader (ikkje observerbare føresetnader).

Finansielle kraftkontrakter:

Nivå 1: Verdien av Nasdaq OMX-kontraktene vert henta frå Nasdaq OMX sine eigne lister.

Nivå 2: Verdien av bilaterale kraftkontrakter vert berekna på grunnlag av marknadspriskurva hos Nord Pool (systempris) dei nærmaste åra og deretter på eigne prisestimat basert på input frå ulike aktørar i kraftmarknaden samt avtalte kraftvolum og priser. Europrisane på kraft vert omrekna til norske kroner.

Omrekningskursen/terminkursen for EURNOK vert berekna på grunnlag av EURNOK spotkurs og marknadsrentekurvene for høvesvis norske renter og eurorenter.

Aksjar:

Nivå 3: Investeringar i unoterte aksjar måler vi til kjøpskost, siste emisjonskurs eller vår del av eigenkapitalen i selskapet.

Rentebytteavtaler:

Nivå 2: Verkeleg verdi av rentebytteavtaler bereknast ut frå framtidig rentekurve. Verkeleg verdi av finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad vert fastsatt ut frå verdettingsmetodar. Desse verdettingsmetodane maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og er minst mogleg bygd på konsernet sine eigne estimat.

Valutaderivat:

Nivå 2: SFE sel euro gjennom terminkontrakter. Verdien av terminkontraktene blir berekna på grunnlag av berekna terminkurs for EURNOK, løpetid for kontrakta og avtalt valutabeløp. Terminkursen blir berekna ut frå spotkursen på verdettingstidspunktet og marknadsrentekurvene for hhv renter og eurorenter (dekka renteparitet).

30.06.2019

Balanseført verdi derivat vurdert til verkeleg verdi over resultatet

(Beløp i 1000 kr)	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	SUM
Energiderivat, langsiktig eiendel	8 409			8 409
Energiderivat, langsiktig eiendel, kundar sin posisjon	2			2
Energiderivat, kortsiktig eiendel	16 759			16 759
Energiderivat, kortsiktig eiendel, kundar sin posisjon	4 561			4 561
Energiderivat, langsiktig gjeld	-2 209	-110		-2 319
Energiderivat, langsiktig gjeld, kundar sin posisjon	-158			-158
Energiderivat, kortsiktig gjeld	3 784	-3 859		-75
Energiderivat, kortsiktig gjeld, kundar sin posisjon	-437			-437
Sum energiderivat, netto	30 711	-3 969	-	26 742
Valuta og rentederivat, langsiktig eiendel		6 173		6 173
Valuta og rentederivat, kortsiktig eiendel				-
Valuta og rentederivat, langsiktig gjeld		-2 267		-2 267
Valuta og rentederivat, kortsiktig gjeld				-
Sum valuta- og rentederivat, netto	-	3 906	-	3 906

Balanseført verdi andre finansielle egedeler til verkeleg verdi over resultatet

(Beløp i 1000 kr)			
Aksjar		32 666	32 666

Balanseført verdi finansielle egedeler og gjeld vurdert til verkeleg verdi over utvida resultat

(Beløp i 1000 kr)			
Valuta og rentederivat, langsiktig eiendel			-
Valuta og rentederivat, kortsiktig eiendel		883	883
Valuta og rentederivat, langsiktig gjeld		-18 590	-18 590
Valuta og rentederivat, kortsiktig gjeld		-74	-74
Sum valuta- og rentederivat, netto (OCI)	-	-17 781	-
			-17 781

Note 4 Aktivitet i SFE-papir i første halvår 2019

Nye sertifikat-/obligasjonslån som er utstedt i perioden:

Børsticker (Oslo Børs)	ISIN	Utstedt	Forfall	Pålydande (mill. kr)
	NO0010842511	08.02.19	08.09.21	150
	NO0010849979	24.04.19	24.04.24	200
	NO0010849987	26.04.19	26.04.27	200

Innfridde sertifikat-/obligasjonslån i perioden/tilbakekjøp (eigenbehaldning):

Børsticker (ABM)	ISIN	Utstedt	Forfall	Pålydande (mill. kr)
Eigenbehaldning	NO0010624471	30.08.11	30.08.19	95

Konsernet har i juli 2019 erstatta ein trekkrett på 300 MNOK med ein ny trekkrett på 500 MNOK.

Note 5 Risikoforhold

SFE er utsett for ei mengde ulike risiki gjennom si verksemd. Dette gjeld både finansielle og operasjonelle risiki. Døme på operasjonelle risiki er skade på eidegar som kraftverk og nettanlegg. Det er etablert forsikringsordningar som dekker skade på eidegar, tapt produksjon og skade på liv og eideom i samband med t.d. brann, flom eller oversvømmelsar etter dambrot. Når det gjeld finansielle risiki som endringar i kraftpris, valutakursar og renter er det etablert strategiar for å kontrollere desse risikiforholda.

Den hydrologiske balansen (vassmagasin, grunnvatn og snø) i Noreg og Sverige har betra seg betydeleg sidan inngongen til året. Frå eit estimert underskot på ca. 20 TWh (høve til eit normalår) ved inngongen til 2019, ligg balansen no medio august nær normalen. Spotprisen i vårt prisområde har til no i år lege like i underkant av 39 øre/kWh medan forventninga fram mot årsskiftet er på drøye 37 øre/kWh (gjennomsnittsprisar). CO2-prisane har hatt ein stigande trend gjennom 2019 medan kol- og gassprisane har svekka seg.

For ytterligare informasjon om risikoforhold SFE er utsett for viser vi til note 3 i årsrekneskapen for 2018.

Note 6 Pensjonskostnader- og forpliktingar

SFE og datterselskapa har to parallelle pensjonsordningar som oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon og samsvarande tariffesta AFP-ordningar. Det er ein offentleg, kollektiv pensjonsordning (ytelsesplan) for personar som vart tilsett før

01.04.2016. Tilsette etter 01.04.2016 og tidligare tilsette som valde det innan 01. oktober 2016, har tenestepensjon med innskotsordning.

Den kollektive pensjonsordninga er ei bruttoordning tilsvarende offentlege ordningar. Den gir dei tilsette ein bestemt framtidig pensjonsytelse basert på talet på oppteningsår og lønsnivået ved pensjonsalder.

Ved berekning av pensjonsforplikting er det nytta ei diskonteringsrente på 2,60 %. Det er uendra frå 31.12.2018. Oppdatert informasjon om rentemarknaden viser at rentenivået er redusert sidan årsskiftet, men ikkje i ei slik grad at det påverkar vår pensjonskostnad- og forplikting vesentleg.

Det er utarbeidd sensitivitetsanalyse som viser konsekvensane for pensjonskostnader og –forpliktingar ved endra diskonteringsrente. Resultatet er presentert i tabellen under. Endringa i kostnad gjeld pensjonskostnad i 2018 medan endring i forplikting gjeld pr. 30.06.2019.

SFE (beløp i 1000 kr)	Endring diskonteringsrente	
Sensitivitetsanalyse	1 %	-1 %
Endring kostnad	-2 843	3 902
Endring forplikting	-82 015	108 017

For ytterligare informasjon om pensjonskostnad- og forplikting for SFE viser vi til note 19 i årsrekneskapen for 2018.

Note 7 Driftsinntekter

30.06.2019 (beløp i 1000 kr)	Kraft-produksjon	Sluttbruk	Nett-verksemnd	Sum konsern
Sal av kraft	471 899	203 030	0	674 929
Sal av overføringstenester	0	0	208 024	208 024

30.06.2018	Kraft-produksjon	Sluttbruk	Nett-verksemnd	Sum konsern
Sal av kraft	287 876	206 616	0	494 492
Sal av overføringstenester	0	0	207 070	207 070

2018	Kraft-produksjon	Sluttbruk	Nett-verksemnd	Sum konsern
Sal av kraft	844 259	419 541	0	1 263 800
Sal av overføringstenester	0	0	371 543	371 543

Sluttbruk:

Levert volum 30.06.2019 er 413 GWh.

Dei nærmaste åra er det inngått lange kontrakter og fastpriskontrakter med volum som vist i tabell under:

Lange kontrakter sluttbruk	2019	2020	2021	2022-2027
GWh	226	184	23	19
Fastpriskontrakter sluttbruk	2019	2020	2021	2022-2027
GWh	11,8	4,0	4,0	24,0

Spesifikasjon av sal av kraft:

(Beløp i 1000 kr)	30.06.2019			2018		
	Urealisert	Realisert	SUM	Urealisert	Realisert	SUM
Kraftkontrakter sikringsformål *)	45 746	53 809	99 555	-22 973	-104 917	-127 890
Kraftkontrakter trading	-4 123	3 575	-548	13 738	3 785	17 523
Valutakontrakter sikringsformål **)		-65	-65		-519	-519
Energisal		575 987	575 987		1 374 686	1 374 686
Sum inntekter frå energisal	41 623	633 306	674 929	-9 235	1 273 035	1 263 800

*) SFE inngår kraftkontrakter som ein del av ein økonomisk sikringsstrategi, men nyttar ikkje sikringsbokføring av kraftkontrakter under IFRS.

**) SFE inngår valutaterminkontrakter som ein del av ein økonomisk sikringsstrategi. Valutakontraktene blir sikringsbokført under IFRS.

Note 8 Nye standardar med verknad frå 01.01.2019

IFRS 16 gir prinsipp for innrekning, måling, presentasjon og noteopplysningar for leigeavtaler. IFRS 16 Leigeavtaler trådte i kraft 1. januar 2019 og erstattar den tidlegare standarden IAS 17 Leigeavtaler. Standarden krev at leigetakar balanseførar egedelar og gjeld for dei fleste leigeavtaler. Standarden inkluderer to unntak frå kravet om balanseføring: leige av egedelar med låg verdi og kortsiktige leigeavtaler med leigeperiode 12 månader eller mindre. Etter IFRS 16 er ei leigeavtale ei kontrakt som overfører retten til å bruke egedelen for ein periode mot eit vederlag. Ei kontrakt overfører retten til å kontrollere bruken av ein identifisert egedel dersom kunden gjennom leigeperioden har rett til å (1) motta så godt som alle dei økonomiske fordelane frå bruken av egedelen og (2) avgjere bruk av den identifiserte egedelen.

For utleigar er prinsippa i det vesentlege uendra samanlikna med IAS 17. SFE har valt å implementere IFRS 16 ved å nytte den modifiserte retrospektive metoden og innreknar effektane av standarden i balansen 01.01.2019. Metoden er brukt konsistent for alle leigeavtaler der SFE er leigetakar. Samanlikningstal vert ikkje

omarbeidd. Nye og utvida notekrav i tilknytning til IFRS 16 vil inngå som ein del av årsrekneskapet for 2019.

SFE har ved implementering av IFRS 16 lagt til grunn følgjande praktiske løysingar:

- Som diskonteringsrente er nytta den marginale lånerenta i konsernet
- Avtaler som forfall i 2019 vert klassifiserte som kortsiktige og vert kostnadsført løpande
- Direkte utgifter til inngåing av avtaler er ekskludert frå målinga av bruksretten
- Bruk av «etterpåklokskap» i vurderingane om leigeperioden skal inkludere forlengelses- og termineringsopsjonar.

Leigeavtaler i konsernet gjeld kategoriane transportmiddel, teleanlegg og bygg.

Implementeringa av IFRS 16 har hatt følgjande effektar på konsernet sin balanse

01.01.2019:

- Ein auke av anleggsmiddel på grunn av aktivering av bruksrettar på 36,2 MNOK
- Ein auke av gjeld som følgje av rekneskapsføring av forpliktingane på 36,1 MNOK
- Ein auke av eigenkapitalen på 0,1 MNOK

Note 9 Anna informasjon

Fusjon mellom SFE Kraft AS og Sunnfjord Energi Kraft AS 01.01.2018:

Frå 01.01.2018 er Sunnfjord Energi AS eigar av 34% av aksjane i SFE Kraft AS etter ein fusjon med Sunnfjord Energi Kraft AS. Fusjonen vart gjennomført med rekneskapsmessig verknad frå 01. januar 2018. Sunnfjord Energi AS har ein rett til å selje aksjane til SFE, og SFE har ein rett til å kjøpe Sunnfjord Energi AS sine aksjar i SFE Kraft innan 24 mnd. etter at fusjonen er registrert i Brønnøysund. Eventuelt transaksjonsbeløp vil ikkje overstige SFE si grense for vesentlegheit på 50 MNOK.

Opsjon Østerbø kraftverk:

SFE Produksjon AS har inngått avtale med BKK AS om utbygging og drift av Østerbø Kraftverk. SFE skal eige 58% av kraftverket og BKK 42%. Våren 2017 starta ein på bygginga av kraftverket og kraftverket skal stå ferdig i løpet av 2020. Kraftverket vil levere ein årleg middelproduksjon på 165 GWh.

Fram til utbygginga er gjennomført og inntil 6 månader etter overlevering av kraftverket til driftsorganisasjonen, har BKK ein rett til å tre ut av samarbeidsprosjektet ved at SFE overtek BKK sin 42% eigardel med alle tilhøyrande rettar og plikter. Som følgje av denne salsoppsjonen har SFE 30.06.2019 balanseført 100% av utbyggingskostnaden knytt til Østerbø kraftverk som anlegg i arbeid og balanseført ei forplikting for forventa vederlag

til BKK om dei vel å nytte sin salsopsjon, jmf. kapittel om avsetningar i prinsippnote i årsrekneskapet for 2018.

Frittståande teikningsrettar:

Generalforsamlinga i SFE vedtok i møte 26.06.2017 å utstede frittståande teikningsrettar som kan nyttast til og med den 26.06.2020. Maksimal auke av aksjekapitalen som følgje av bruk av teikningsrettane er 56,913 MNOK. I tillegg kjem overkurs. Vert alle teikningsrettane nytta, er SFE sin samla tilførsel av eigenkapital på 350 MNOK. Så langt har bruk av teikningsrettane medført ein samla tilførsel av eigenkapital på 215,4 MNOK.

Erklæring frå styret og konsernsjef


Styret og konsernsjef har i dag handsama rekneskapet for 1. halvår 2019 for Sogn og Fjordane Energi AS, konsern.

Vi erklærer etter vår beste overtyding at:

- konsernrekneskapen pr. 30.06.2019 er utarbeida i samsvar med IAS 34 – Delårsrapportering og er utarbeidd etter internasjonale rekneskaps-prinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) fastsett av EU, med krav til tilleggsopplysningar som føl av rekneskapslova, samt at
- rekneskapsopplysningane gjer ein rettvisande og heilskapleg oversikt av selskapet og konsernet sine eideilar, gjeld, finansielle stilling samt at
- rekneskapen for 1. halvår 2019 gir ein rettvisande oversikt over
 - utviklinga og resultatet til konsernet samt dei mest sentrale risiko- og usikkerheitfaktorar konsernet er eksponert for


Sandane 29.08.2019


Per Atle Kjøllesdal
- styreleiar -


Ketil Konglevoll
- nestlediar -



Arvid Lillehaugen
- styremedlem -



Olin Johanne Henden
- styremedlem -


Anne Marit Steen
- styremedlem -


Jan Helge Dale
- styremedlem -


Kjartan Skår
- styremedlem -


Kjell Asle Bakkebø
- styremedlem -


Geir Magne Enevold
- styremedlem -


Johannes Raubotti
- konsernsjef -

Til styret i Sogn og Fjordane Energi AS

UTTALElse VEDRØRENDE FORENKLET REVISORKONTROLL AV DELÅRSREGNSKAP

Innledning

Vi har foretatt en forenklet revisorkontroll av vedlagte konsoliderte balanse for Sogn og Fjordane Energi AS per 30. juni 2019 og tilhørende konsoliderte resultatregnskap, utvidet resultatregnskap, oppstilling over endringer i egenkapital og kontantstrømoppstilling for seksmånedersperioden avsluttet denne dato, og av beskrivelsen av regnskapsprinsipper og andre noter. Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av delårsregnskapet og at det gir et rettviseende bilde i samsvar med IAS 34 Delårsrapportering. Vår oppgave er å avgjøre om delårsregnskapet basert på vår forenklede revisorkontroll.

Omfanget av den forenklede revisorkontrollen

Vi har utført vår forenklede revisorkontroll i samsvar med ISRE 2410 *Forenklet revisorkontroll av et delårsregnskap, utført av foretakets valgte revisor*. En forenklet revisorkontroll av delårsregnskapet består i å rette forespørslar, primært til personer med ansvar for økonomi og regnskap, og å gjennomføre analytiske og andre kontrollhandlinger. En forenklet revisorkontroll har et betydelig mindre omfang enn en revisjon utført i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene), og gjør oss følgelig ikke i stand til å oppnå sikkerhet om at vi er blitt oppmerksomme på alle vesentlige forhold som kunne ha blitt avdekket i en revisjon. Vi avgir derfor ikke revisjonsberetning.

Konklusjon

Vi har ved vår forenklede revisorkontroll ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at det vedlagte konsoliderte delårsregnskapet ikke gir et rettviseende bilde av foretakets finansielle stilling per 30. juni 2019 og for resultatet og kontantstrømmene i seksmånedersperioden, i samsvar med IAS 34 Delårsrapportering.

Bergen, 29. august 2019

Deloitte AS



Helge-Roald Johnsen
statsautorisert revisor